



## Saman om betre diabetesbehandling for barn og ungdom i Noreg

Eit kvalitetsforbetringsprosjekt i regi av Barnediabetesregisteret


Diabetes er som ein veit ein alvorleg sjukdom der pasienten manglar insulin, men det er også ein sjukdom der barnet har alle moglegheiter til å leve like lenge og godt som andre. Det er ein krevjande sjukdom der barn og familie kvar dag må måle blodsukker og setje insulin til maten barnet et. For å få til dette må ein få eit godt forhold til eller «bli ein venn» med sin diabetes. Å ha god blodsukker kontroll (låg HbA1c) er ein forutsetning for god helse gjennom heile livet.

Barneavdelinga har med sine diabetespasientar vore med i Barnediabetesregisteret (BDR) som er eit nasjonalt kvalitetsregister. Berre 30 % av norske barn oppnår behandlingsmål med snitt HbA1c på mindre enn 7,5 %. Dette ynskjer vi å forbetre. Barneavdelinga i Helse Førde er som ei av 9 avdelingar med i dette kvalitetsforbetringsprosjektet.

### Vi har sett som mål:

- god metabolsk kontroll HbA1c, snitt HbA1c < 7 for den enkelte pasient.
- god livskvalitet for barn og familie
- pasient/familie mestrar (blir ekspert på) sin diabetes.

Vi har differensiert oppfølging av barn med diabetes etter metabolsk kontroll og livskvalitet.



## Korleis kan vi samarbeide med fastlege og primærhelseteneste for å oppnå betre metabolsk kontroll, betre mestring og betre livskvalitet for barn og familiar med diabetes?

Hovudansvaret for oppfølging av barn med diabetes ligg til spesialisthelsetenesta. Etter nasjonale retningslinjer skal dei ha kontroll hos barnelege 2 gongar i året og hos barnediabetessjukepleiar 4 gongar i året. Vi ser at tettare oppfølging er naudsynt for å oppnå god metabolsk kontroll hos mange pasientar.

### Oppfølging raud gruppe HbA1c > 8 %

- Tilbyr konsultasjon ein gong pr måned.
- **Evt i samarbeid med fastlege**
- Vurdere innlegging og reopplæring
- Samtale med KEF
- Samtale med psykolog
- Skille på pasientar med god compliance og pasientar som ikkje måler blodsukker og gløymer å sette insulin til maten.

### Oppfølging gul gruppe HbA1c > 7,5 %

- Tilby ekstra kontroll etter 1-2 mnd
- Identifiserer kvifor - for lite ordinert insulin eller utegløynde dosar og dårleg compliance, livshendingar, depresjon etc.

### Oppfølging Grøn gruppe HbA1c < 7,0 %

- Alle skal ha tilbud om minimum 2 lege kontrollar pr år og to kontrollar til diabetessjukepleiarar etter nasjonale retningslinjer.
- Dersom pasient ønsker å skifte frå penn til pumpe eller prøve sensor får dei tilbud om det.

Vi ser at vi har problem med å følge opp dei pasientar med HbA1c over 8 % kvar måned på grunn av reisevegen til pasientane. Vi har i dag 06.09.18 hatt møte med PKO der vi har bedt om eit samarbeid rundt pasientane med dårleg metabolsk kontroll, HbA1c over 8, eller dårleg livskvalitet.

Vi ber om felleskonsultasjon med video konferanse på legekontor (organisert som møter) der pasient, foreldre, fastlege, sjukepleiar/helsesøster kan sitte hos fastlege og ha konsultasjon med diabetessjukepleiar og barnelege på sjukehuset. Desse barna vil oftast bruke insulinpumpe og sensor. Vegleing vedrørende insulindosering og bruk av utstyr får ein frå diabetessjukepleiar/lege. Det vi treng hjelp til er oftast compliance (hugse å sette insulin til maten, sette nok insulin) og redusere frykt for følingar, kartlegge sosiale og familie utfordringar som vanskeleggjer diabetesbehandlninga. Vi ber også om at fastlege måler HbA1c ved desse kontrollane. Pasienten skal møte til minimum 4 kontrollar pr. år på barneavdelinga i Helse Førde.

Elles har vi ei ordning der diabetessjukepleiar reiser ut og har opplæring av skule og barnehage hos alle nyoppdaga diabetespasientar. Vanlegvis deltek også helsesyster på desse opplæringane. Om ynskjeleg kan vi invitere fastlege med på dette.

Vi har om lag 10 nyoppdaga diabetes pasientar pr år. Barneavdelinga følger opp 90 pasientar pr år. Om lag 20 – 30 % (18-27 pas) av desse vil ha behov for den type oppfølging som vi skisserer over.

Vi håpar det vil vurdere denne førespurnaden og håpar sjølvsagt på positivt samarbeid.

Helsing diabetesteamet ved Barneavdelinga i Førde.

Randi Stubbhaug Gamlestøl, Hildegunn Styve Borkamo, Jarl Moldestad, Anders Bjørkhaug, Elsa Jentoftsen, Merete Strømmen, Benthe Juklestad.

